

**Haaland Terje****Fra:** Indredavik Sverre [Sverre.Indredavik@flora.kommune.no]**Sendt:** 1. juli 2004 10:01**Til:** Postmottak SOS**Kopi:** KS Sogn og Fjordane (E-post)**Emne:** Brukarbetaling i pleie- og omsorgstenestene.

Sosialdepartementet	
Saksnr.: 200400689	Dok.nr.: 147
Arkivkode: 311.31	Journ.dato 07-07-04
Avd.: SPA/SKO	Saksbeh.: BMB
U.off.:	

Vedlagt følger høringsuttale frå Flora bystyre vedk. brukarbetaling i pleie- og omsorgstenestene, - jfr, høringsbrev frå Sosialdepartementet av 23.03.04.

Sverre J. Indredavik  
57 75 62 06 / 41 53 01 06  
sverre.indredavik@flora.kommune.no



<b>Saksgang:</b> Helse- og sosialutvalet Bystyret	<b>Møtedato:</b> 01.06.2004 22.06.2004	<b>Saknr.:</b> 038/04 066/04
<b>Sakshandsamar:</b> Sverre Jan Indredavik	<b>Arkiv:</b> K1-09, K2-F <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 2004000889

## HØYRINGSUTTALE - BRUKARBETALING I PLEIE- OG OMSORGSTENESTENE.

### **Kva saka gjeld:**

Sosialdepartementet ber i brev av 23.03.2004. om høyringsuttale til endringar i dagens brukarbetalingsordningar for pleie- og omsorgstenester i kommunane. Departementet har ikkje foreslege nokon konkret modell i høyringsnotatet, men vil avvente svara frå høyringsrunden før dei konkluderer. Forslag til endringar kan verte fremja av Regjeringa i tilknytning til budsjettoplegget for 2005. Eventuelle endringar vil få konsekvensar for mange brukarar, pårørande og kommunane.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Flora kommune vedtek slik høyringsfråsegn til brukarbetaling i pleie- og omsorgssektoren.:

- I tråd med den faktiske utviklinga i pleie- og omsorgssektoren i form av fleksible og differensierte tilbod er det trong for eit finansierings -og betalingssystem som ivaretek og avspeglar dette.
- Pleie- og omsorgstenestene er eit kommunalt ansvar og staten bør såleis ikkje fastsetje reglar for nivået for brukarbetalinga i pleie- og omsorgstenestene. I samsvar med det finansielle ansvarsprinsippet og kommunal sjølvråderett er det kommunane sjølve som bør fastsetje betalingssatsane innafør ramma av sjølvkost for dei ulike tenestene.
- Det er viktig at eit nytt betalingssystem vert enkelt å administrere og set klare grenser mellom kommunalt og statleg finansieringsansvar.
- Ved val av betalingssystem må det uansett vere ein føresetnad at eit eventuelt nytt betalingssystem ikkje må svekke kommunane sitt finansieringsgrunnlag for pleie- og omsorgstenestene. Dette må staten dokumentere og garantere for før iverksetjing av eit eventuelt nytt system.

**01.06.2004 HELSE- OG SOSIALUTVALET**

### ***Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

### **HSUT-038/04 VEDTAK:**

Flora kommune vedtek slik høringsfråsegn til brukarbetaling i pleie- og omsorgssektoren.:

- I tråd med den faktiske utviklinga i pleie- og omsorgssektoren i form av fleksible og differensierte tilbod er det trong for eit finansierings -og betalingssystem som ivaretek og avspeglar dette.
- Pleie- og omsorgstenestene er eit kommunalt ansvar og staten bør såleis ikkje fastsetje reglar for nivået for brukarbetalinga i pleie-og omsorgstenestene. I samsvar med det finansielle ansvarsprinsippet og kommunal sjølvråderett er det kommunane sjølve som bør fastsetje betalingssatsane innafor ramma av sjølvkost for dei ulike tenestene.
- Det er viktig at eit nytt betalingssystem vert enkelt å administrere og set klare grenser mellom kommunalt og statleg finansieringsansvar.
- Ved val av betalingssystem må det uansett vere ein føresetnad at eit eventuelt nytt betalingssystem ikkje må svekke kommunane sitt finansieringsgrunnlag for pleie- og omsorgstenestene. Dette må staten dokumentere og garantere for før iverksetjing av eit eventuelt nytt system.

### **22.06.2004 BYSTYRET**

#### ***Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

### **BYST-066/04 VEDTAK:**

Flora kommune vedtek slik høringsfråsegn til brukarbetaling i pleie- og omsorgssektoren.:

- I tråd med den faktiske utviklinga i pleie- og omsorgssektoren i form av fleksible og differensierte tilbod er det trong for eit finansierings -og betalingssystem som ivaretek og avspeglar dette.
- Pleie- og omsorgstenestene er eit kommunalt ansvar og staten bør såleis ikkje fastsetje reglar for nivået for brukarbetalinga i pleie-og omsorgstenestene. I samsvar med det finansielle ansvarsprinsippet og kommunal sjølvråderett er det kommunane sjølve som bør fastsetje betalingssatsane innafor ramma av sjølvkost for dei ulike tenestene.
- Det er viktig at eit nytt betalingssystem vert enkelt å administrere og set klare grenser mellom kommunalt og statleg finansieringsansvar.
- Ved val av betalingssystem må det uansett vere ein føresetnad at eit eventuelt nytt betalingssystem ikkje må svekke kommunane sitt finansieringsgrunnlag for pleie- og omsorgstenestene. Dette må staten dokumentere og garantere for før iverksetjing av eit eventuelt nytt system.

Fredrik W. Gulbranson  
rådmann

### **Innleiing:**

Staten regulerer i dag kommunane sin adgang til å ta eigendelar for pleie- og omsorgstenester gjennom eit to-delt system:

- a) Personar i eigen heim og i omsorgsbustadar betalar for den enkelte teneste som dei mottek.
- b) Personar i institusjon betalar ein fast del av inntekta si (inntil 85 % minus eit fribeløp på kr.6.000,-) for eit heilskapleg tilbod.

Departementet ber om svar på nokre hovudspørsmål i høyringa:

1. Er det trong for større endringar i det todelte brukarbetalingssystemet.
2. Vil eit felles system som knyter betalinga til bustad, daglege utgifter og eigendelar for mottekne tenester vere betre enn dagens todelte system ?
3. Bør staten regulere nivået for brukarbetaling, eller bør dette vere opp til den enkelte kommune ?
4. Bør kommunen sitt heilskapelege finansieringsansvar for tilbodet til institusjonsbrukarar utvidast til å omfatte andre brukarar av pleie- og omsorgstenester som t d i omsorgsbustadar ?
5. Bør institusjonsbrukarar ha same rett som brukarar utanfor institusjon i forhold til hjelpemiddel frå folketrygda, legemiddel på blå resept og bustønad frå Husbanken ?

### **Vurdering:**

Dagens todelte system kan medføre at brukarar betalar ulikt for dei same tenestene avhengig av om ein bur i eller utanfor institusjon, og innan institusjon avhengig av om det er langtids eller korttidsopphold. Systemet er detaljregulert med satsar for nokre tenester, medan det ikkje fangar opp nye former for omsorgstilbod. Pleie- og omsorgssektoren er i sterk endring, og i det siste tiåret er skiljet mellom tenester i institusjon og heimebaserte tenester redusert.

Fleire kommunar differensierer tenestetilbodet slik at ein kan tilby ei samordna og heilskapleg tiltakskjede som er fleksibel i forhold til brukarane sine varierte behov.

Dagens betalingssystem fangar ikkje desse nye opp nye måtane å tilby pleie- og omsorgstenester på. Dagens betalingssystem er dessutan uoversiktleg og gjer det vanskeleg for kommunane å praktisere regelverket optimalt.

I vurderinga om ei eventuell ny betalingsordning er det ei rekkje omsyn som må takast som mellom anna;- sikring av kommunalt sjølvstyre, finansieringsgrunnlaget, regelforenkling, nye omsorgstilbod.

### **Prenta/uprenta vedlegg:**

Samandrag av høyringsnotat om brukarbetaling for pleie- og omsorgstenester frå Sosialdepartementet.